



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Unn Jenny Utne Kvam / 16/31456-4 10.08.2016  
55516243

### Oversending av sak – Stenging av kryss for køyrbar tilkomst – E39 Osterfjordvegen ved Store Urdal – Lindås kommune

Vi viser til vårt varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle, datert 14.03.2016, og telefonsamtale med Benjamin Hicks 10.08.2016.

#### Saka gjeld

Av omsyn til trafikktryggleiken ynskjer Statens vegvesen å stenge den køyrbare tilkomsten mellom E39 og gang- og sykkelvegen utanfor Eikefet små–tunellen på sør/aust–sida av tunellen.

Vi starta arbeid med denne saka som ei avkjørslesak etter veglova. Vi ser no at koplinga mellom E39 og den kommunale gang- og sykkelvegen juridisk sett ikkje er ei avkjørsle, men eit kryss mellom to offentlege vegar. Vi kan derfor ikkje fatte vedtak om stenging med heimel i veglova § 41.

Vi tok 10.08.2016 kontakt med Lindås kommune for å avklare kva som vil vere rett saksgang for å få stengt det aktuelle punktet for køyring. Området er regulert, og etter avtale med Benjamin Hicks sender vi saka over til kommunen som plan– og bygningsstyresmakt. Vegvesenet oppmodar kommunen om å fatte eit vedtak som gjev Statens vegvesen heimel til å stenge den aktuelle tilkomsten mellom E39 og gang- og sykkelvegen som køyrbar tilkomst.

#### Svar på varsel og kommentarar til dei

Statens vegvesen mottok to svar på varselet vi sendte ut, frå Lars Kåre Urdal og Lindås kommune v/ Teknisk drift (sjå vedlegg).

Lars Kåre Urdal skriv i sitt svar mellom anna om at:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

- han er usamd i vegvesenet si framstilling av korleis krysset har blitt endra og at han meiner det er blitt meir trafikksikkert etter endringane
- han meiner det bør opparbeidast gangveg langs E39
- han meiner nedsett fartsgrense, skilt som varslar om krysset eller ei løysing med trafikklys er tiltak som kan gjere europavegen tryggare

Lindås kommune v/ Teknisk drift støttar framlegget om stenging og svarer på problemstillingar drøfta i varselet. Dei skriv at gang- og sykkelvegen utanfor Eikefet småtunellen ikkje har blitt prioritert i høve kommunal drift og vedlikehald. Bakgrunnen for det er at vegstrekninga mest fungerer som eit anleggsområde og lagerplass, med eit vegdekke som ikkje eignar seg for sykkeltrafikk og gjer vinterdrift vanskeleg. Dei vil arbeide for å få til ein avtale med Oster pukk og sand as om drift og vedlikehald av vegen inklusiv ansvar for den løpende rassikringa. I denne avtalen må det og seiast noko om bruksløyve/vegrett for eigar av Gbnr 220/11 og om utbetring av og framtidig standard på vegdekket.

#### Kommentarar

Når det gjeld framstillinga av korleis krysset har blitt endra, er det frå vegvesenet si side påpeika endringar knytt til heving av vegbana til gang- og sykkelvegen og opparbeiding av parkerings-/snuareal innanfor krysset. Dette er dokumentert med biletet i varselet.

Statens vegvesen og Lars Kåre Urdal har ulik vurdering av trafikktryggleiken i tilknyting til krysset. Statens vegvesen har i varselet særleg framheva at siktilhøva mellom gang- og sykkelvegen og tunellen på E39 er svært dårlige. Helling, vegdekke og siktutbetringar langsetter E39 i den andre retninga er derfor ikkje det sentrale når vi vurderer trafikktryggleiken her. Utbetringane som er gjort har etter vår vurdering lagt til rette for meir trafikk i krysset, og såleis ein auka fare for at det kan skje trafikkulukker her.

Når det gjeld gangveg langs E39, så har Statens vegvesen, som opplyst i varselet, ikkje planar om å starte opp arbeid med eit slikt prosjekt. E39 på strekninga er på sikt planlagt lagt om i ny trasé. Trafikkmengda på vegen vil då verte vesentleg redusert, og tilhøva for mjuke trafikantar vil då verte betre.

Alternativa knytt til nedsett fartsgrense, skilt som varslar krysset eller ei løysing med signalanlegg er etter vegvesenet si vurdering ikkje aktuelle tiltak for å betre trafikktryggleiken i denne saka. Også ved lågare fartsgrense, til dømes 60 km/t, vil det vere siktkrav som ikkje let seg oppfylle her. Det er ikkje trafikkgrunnlag for signalregulering i krysset. Eit skilt som varslar krysset er etter vårt syn ikkje tilstrekkeleg som førebrygging av moglege trafikkulukker.

Når det gjeld svaret frå Lindås kommune v/ Teknisk drift, som omhandlar den kommunale gang- og sykkelvegen, tek Statens vegvesen det til orientering.

## Konklusjon

Statens vegvesen held fast på dei trafikktryggingsvurderingane som er gjort i «*Varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle – E39 Osterfjordvegen ved Store Urdal – Lindås kommune*» datert 14.03.2016. At det i dag ligg til rette for køyrbar tilkomst mellom E39 og gang- og sykkelvegen her utgjer etter vår vurdering ein uakseptabel trafikksikkerhetsrisiko med bakgrunn i at krav til frisikt ikkje er oppfylt og at krysset ligg like ved ein tunellmunning.

Ulempene knytta til ei stenging for køyrbar tilkomst mellom E39 og gang- og sykkelvegen utanfor Eikefet små–tunellen er etter vår vurdering små samanlikna med faren for, og dei moglege konsekvensane av, ei alvorleg trafikkulukke i tilknyting til bilar som skal svinge av og på E39 i krysset.

Statens vegvesen legg til grunn at krysset framleis skal vere ope for gang- og sykkeltrafikk.

Eigedomar langs gang- og sykkelvegen vil framleis ha køyrbar tilkomst frå E39 via krysset nord/vest for Eikefet små–tunellen.

## Vidare saksgang

Statens vegvesen oppmodar kommunen om å fatte eit vedtak som gjev Statens vegvesen heimel til å stenge den aktuelle tilkomsten mellom E39 og gang- og sykkelvegen som køyrbar tilkomst.

Dersom de treng fleire opplysningar frå oss eller har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 3

Kopi

Johannes Tyssebotn, Kleppe V, 5283 FOTLANDSVÅG

Kjell Leif Larsson, Midtneset 29, 5994 VIKANES

Lars Kåre Urdal, Kleivane 36, 5416 STORD

Mesta Eiendom AS, 1326 LYSAKER

Oddvar Urdal, Osterfjordvegen 2520, 5994 VIKANES

Oster pukk og sand AS, Eikemovegen 3, 5994 VIKANES



## Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Unn Jenny Utne Kvam / 55516243	16/31456-1		14.03.2016

---

### Varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle – E39 Osterfjordvegen ved Store Urdal – Lindås kommune

Vi viser til synfaring 10.11.2015 der Lindås kommune, Oster pukk og sand AS, Lars Kåre Urdal og Statens vegvesen deltok.

Dette brevet er eit førehandsvarsle etter forvaltningslova § 16. Saka gjeld stenging av avkjørsle etter veglova § 41:

*Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.*

*Kommunen kan ta avgjerd etter første ledd for kommunale vegen.*

*Naudsynte utgifter til flytting eller endring av lovleg avkjørsle kan det krevjast vederlag for. Likeeins kan det, i samband med flytting av avkjørsle, krevjast vederlag for naudsynte utgifter til flytting, endring eller lengning av privat veg fram til avkjørsla. Det same gjeld utgifter til flytting, ombygging eller endring av byggverk eller anlegg som avkjørsla gjer naudsynt. Det skal takast omsyn til verdauke som den nye avkjørsla eller vegen tilfører eigedomen. Dette skjer ved frådrag i vederlaget eller refusjon frå eigaren dersom avkjørsla eller vegen alt er bygd.*

Statens vegvesen vurderer å fatte vedtak om å stenge avkjørsla som køyrbar tilkomst til gang- og sykkelvegen som går utanfor Eikefet små-tunellen.

Førehandsvarselet vert sendt til Lindås kommune og eigarane av eigedomar langs gang- og sykkelvegen.

## Saka gjeld

Statens vegvesen vart i 2015 merksam på at avkøyrsle frå E39 Osterfjordvegen (hp 29 v/ km 6,038) var endra, mellom anna ved at vegbana på sidevegen var heva og ved at det var opparbeida eit parkerings-/snuareal innanfor avkøyrsla.



Vegbilete frå 2014



Vegbilete frå 2015



Foto frå Google Street View, mai 2009



Foto frå synfaring, august 2015


Statens vegvesen vil gjere merksam på at den endringa som vart gjort av avkøyrsla skulle ha vore omsøkt til Statens vegvesen som vegstyremakt og eigar av grunnen. I og med at vi no varslar om at vi ynskjer å stenge avkøyrsla, avventar vi inntil vidare eventuell oppfølging av dei endringane som er gjort her i 2014/2015.

## Planstatus

Avkøyrsla som saka gjeld er sist regulert i Lindås kommune sin plan «*Eikefet og Urdal. Utviding av steinbrot*» frå 2012 (plan ID 1263–201107). Vegen innanfor avkøyrsla er regulert til offentleg gang- og sykkelveg. I føresegne til planen står følgjande om gang- og sykkelvegen:

*Eksisterande gang- og sykkelveg kan stengjast grunna tryggleiksomsyn.*

*Køyring til tilgrensande eigedomar og naust er tillate.*



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan. Avkørslepunktet er ringa inn i raudt.

### Vegstatus

Gang- og sykkelvegen har status som kommunal veg.

### Tekniske opplysninger

E39 har status som hovedveg. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgntrafikken (ÅDT) er 2150.

Minstekravet til frisikt frå avkørsler til E39 langs vegen her er 4 x 115 meter (jamfør N100 *Veg- og gateutforming* kap. E.1.4.2 og V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss* tabell 3.8). Det vil seie at frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 115 meter til begge sider av køyrebana. Det er også krav om tilsvarande siktlengde for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen).



Avkørsla og tunnellmunningen sett frå gang- og sykkelvegen.

Avkøyrsla slik den ligg oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming av avkøyrsler. Sikta mellom avkøyrsla og trafikk som er på veg ut av tunellen er svært därleg. Kravet om at det skal vere minimum 115 meter frisikt til begge sider av køyrebanen er ikkje oppfylt. Frå avkøyrsla til tunellmunningen er det i dag om lag 16 meter. I praksis er det om lag 20–30 meter sikt frå avkøyrsla i retning tunellen.

I tillegg til generelle siktkrav, er det ved tunellmunningar særlege utfordringar knytt til sikt. Overgangen frå mørk tunell til dagslys kan, særleg ved sterkt sollys, gje dei køyrande som er på veg ut av tunellen problem med å få oversikt over vegen utanfor tunellen. Dette aukar faren for ulukker i tilknyting til ei avkøyrsle like utanfor tunellen. Ved planlegging av nye tunellar, er det krav om at kryss i same plan ikkje kan plasserast nærmere tunellopninga enn 2 x stoppsikt (jamfør N500 *Vegtunneler*, kap. 4.8.2). Stoppsikta i denne saka er 115 meter. Avkøyrsla som denne saka gjeld er plassert vesentleg nærmere tunellopningen.

### **Alternativ køretilkomst**

Gang- og sykkelvegen som går på utsida av Eikefet små-tunellen er også tilknytta E39 på nordvest-sida av tunellen ved Eikefet. Gang- og sykkelvegen er køyrbar på heile strekninga. Ei stenging av avkøyrsla på søraust-sida av tunellen ved Store Urdal vil derfor ikkje hindre køyrbar tilkomst til eigedomar og naust langs vegen.

For eigedom nærmest Store Urdal vil tilkomstvegen frå E39 verte lengre som følgje av ei stenging av avkøyrsla. Det er også ei problemstilling at det er låg standard på gang- og sykkelvegen. På synfaring vart det mellom anna problematisert at det er rasfare langs vegen, at vegdekket er därleg og at vegen ikkje vert brøyta om vinteren. Moglege svar på desse problemstillingane kan vere:

Rasfare: Rasfaren er knytt til både vegetasjon som heng utover vegen og fare for steinras. Rasfaren kan reduserast gjennom rydding av vegetasjon. Då gang- og sykkelvegen er kommunal, er dette eit ansvar som ligg til Lindås kommune. Rasfaren knytta til steinsprang er vanskeleg å redusere.

Vegdekke: På synfaring vart det drøfta om vegdekket kunne utbetrastrast som eit samarbeid mellom Lindås kommune som vegeigar og Oster pukk og sand AS som bruker vegen i verksemda si.

Brøyting: Vegen kan inngå som del av vegnett som skal brøytastrast. Lindås kommune som vegeigar kan avklare dette.

Når det gjeld eigedomar tilknytte Oster pukk og sand AS, vart det på synfaring opplyst om at verksemda nokre gonger har behov for ein alternativ tilkomst til området utanfor tunellen, i tillegg til tilkomsten frå Eikefet-sida. Bakgrunnen for dette er at arbeid tilknytta steinknuseverket nokre gonger hindrar passasje eller naudsynt snuareal langs gang- og sykkelvegen. Dette er etter Statens vegvesen si vurdering ei problemstilling som bør kunne løysast i samband med planlegging av korleis arbeidet i verksemda praktisk skal skje.

## Tilkomst for gåande og syklande

Dersom det vert fatta vedtak om stenging, vil den verte gjennomført på ein måte som sikrar at avkøyrsla framleis kan nyttast som tilkomst for gang- og sykkeltrafikk. Førehandsvarselet omfattar såleis ikkje endra tilkomst for gåande og syklande.

Lars Kåre Urdal tok på synfaringa opp spørsmål om mogleg ny tilkomst for mjuke trafikantar via ein ny gangveg på vestsida av E39, plassert om lag langs den gule lina i kartutsnittet nedanfor.



Kartutsnitt som viser omrentleg plassering av ny gangveg føreslått av Lars Kåre Urdal.

Ein slik gangveg vil vere eit nytt prosjekt for Statens vegvesen. Det føreligg ikkje planar om å starte opp eit slikt arbeid. E39 på strekninga er på sikt planlagt lagt om i ny trasé, jamfør vedteken kommunedelplan for E39 Eikefet–Romarheim (plan ID 1263–201013).

Trafikkmengda på vegen vil då verte vesentleg redusert, og tilhøva for mjuke trafikantar vil då verte betre.

På kort sikt (i inneverande planperiode 2014–2017) er ny vegbelysning prioritert på strekninga mellom Eikefet små-tunellen og Utnestunellen. Det er elles ikkje prioritert andre trafikksikringstiltak på denne strekninga før omlegging av E39-traséen.

## Samla vurdering av saka

Statens vegvesen vurderer avkøyrsla som trafikkfarleg og ynskjer å stenge den som køyrbar tilkomst frå E39 Osterfjordvegen til gang- og sykkelvegen som går utanfor Eikefet små-tunellen.

Avkørsla utgjer etter vår vurdering ein uakzeptabel trafikksikkerheitsrisiko med bakgrunn i at krav til frisikt ikkje er oppfylt og at den ligg like ved ein tunellmunning, jamfør opplysningar ovanfor.

Det er også ein trafikksikkerheitsrisiko knytt til den alternative tilkomsten langs gang- og sykkelvegen utanfor Eikefet små–tunellen, særleg knytt til rasfare. Denne risikoen er etter vår vurdering vesentleg lågare enn risikoen knytt til avkørslepunktet.

Stenging av avkørsla som køyrbar tilkomst vil kunne gje nokre ulemper for dei som bruker den i dag, då dei vil få lengre køyreveg fram til eigedom, og ikkje lengre vil ha to moglege tilkomstar frå E39. Dette er etter vår vurdering ulemper som ikkje kan vektast tungt samanlikna med dei negative følgjene ei mogleg trafikkulukke i tilknyting til avkørsla vil kunne få for enkeltmenneske og samfunnet.

### Tilbakemelding

Vi ber om at de innan 15.04.2016 kjem med eventuelle opplysningar som kan vere relevante i saka.

Vi ber særleg om tilbakemedling frå Lindås kommune og Oster pukk og sand AS på problemstillingane knytt til rydding av vegetasjon, utbetring av vegdekke og vintervedlikehald av gang- og sykkelvegen.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Likelydande brev sendt til  
Johannes Tyssebotn, Kleppe V, 5283 FOTLANDSVÅG  
Kjell Leif Larsson, Midtneset 29, 5994 VIKANES  
Lars Kåre Urdal, Kleivane 36, 5416 STORD  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ  
Mesta Eiendom AS, Postboks 256, 1326 LYSAKER  
Oddvar Urdal, Osterfjordvegen 2520, 5994 VIKANES  
Oster pukk og sand AS, Eikemovegen 3, 5994 VIKANES

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Statens vegvesen

Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

MOTTATT

08 APR 2016

Statens vegvesen

Region vest

16/31456-2  
440-1263

Lars Kåre Urdal

Kleivane 36

5416 Stord

Stord 04.04.2016

Ref 16/31456-1. Svar på varsel om vedtak om stenging av avkøyrsle – E39 Osterfjordvegen ved Store Urdal – Lindås kommune.

Det blir vist til varsel i ovannemnde sak.

Underteikna har først nokre merknader til saksframstillinga. Det blir tilbakevist at avkøyrsla har blitt endra slik Statens Vegvesen skriv i saksframstillinga. Avkøyrsla vart midlertidig tilrettelagt for å få tilkøyrd betong i samband med reparasjon etter at eit lasteskip hadde påført kaia omfattande skader etter at is blei pressa inn mot kaien. Betongbilen var for stor til å nytta den andre tilkomstvegen og måtte derfor ha høve til å køyre ut/inn og snu på staden. Bakgrunnen for at eigedommen førebels ikkje er endra tilbake, er at eg vurderer den midlertidig løysinga som meir trafiksikker og høveleg enn slik avkøyrsla var tidlegare, sikta er bedra og det er lettare å køyra ut på vegen både i høve til at påkøyrsla skjer i mindre stigning og i høve til at fast underlag gjev betre veggrep. Avkøyrsla har også blitt meir synleg for dei som kører på europavegen. Eg stiller meg derfor undrande til at Statens Vegvesen nyttar dette som eit påskot for å stenge avkøyrsla, når dette no er ei sak, ventar eg med å söke om å gjera desse endringane permanent til denne saka er avgjort.

Eigedommane mine hører naturleg saman, det er samfunnsøkonomiske omsyn som ligg til grunn for at dei er delt av europavegen, dette fører til at ferdsle mellom eigedommane skjer gåande langs og over vegen. Som nemnd på synfaringa, meiner eg det bør opparbeidast gangveg for å sikra mjuke trafikkantar. Dersom det ikkje skal vera avkøyrsle, vil dette føra til at bilistane ikkje vil ha same merksemld som tidlegare ved passering, og dermed blir det auka risiko for dei som ferdast gåande eller syklande langs europavegen. Vegen som går fram til avkøyrsla, er den gamle bygdavegen og bør vera lett tilgjengeleg for innbyggjarane. Dersom det er trygt å kunna sykla eller gå til den gamle vegen, vil det bidra til halda kulturtradisjonane i hevd. Samstundes gjer tunellen at denne vegen er einaste

~~S-32-12-18~~  
~~EiSkrift~~  
tilkomst mellom Store Urdal og Eikefet utan bil/båt. Ein gangveg vil gjera det tryggare for alle som ferdast på vegen, då det vil vera eit fysisk skilje mellom gåande/syklande og køyrande.

Det er fleire nærliggande og lite kostbare tiltak som kunne ha gjort avkøyrsla og ferdsel langs europavegen tryggare. T.d. sette ned fartsgrensa, varsle om avkøyrsla med skilt eller lage ei trafikklysloysing. Det einaste som taler mot dette, vil vera omsynet til at bilistane skal kunna køyra mellom dei to tunellane utan å måtta forholda seg til avkøyrsla, eg meiner dette omsynet ikkje bør tilleggjast meir vekt enn omsynet til dei gåande/syklande.

Hans Kåre Urdal.



Statens vegvesen, Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/817 - 16/15366

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
22.06.2016

## Svar på varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle - E 39 Osterfjordvegen ved Store Urdal - Lindås kommune

Lindås kommune ved Teknisk drift syner til Dykkar brev vedkomande varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle – E39 Osterfjordvegen ved Store Urdal – Lindås kommune.

Lindås kommune støtter forslag om stenging av avkjørsla med grunngjeving som i Dykkar brev.

Slik gang og sykkelvegen ligg i dag (sjå biletet under) er det vanskeleg å halde ein fornuftig vedlikehaldsstandard på denne vegen. Delar av vegstrekninga fungerar mest som eit anleggsmønster og lagerplass for både Mesta Eiendom AS og Oster pukk og sand AS, med eit vegdekke som ikkje eignar seg for sykkeltrafikk. Standarden på vegdekket umuliggjer også ei fornuftig vinterdrift.



Figur 1 Gang- og sykkelvegen sett mot sør-aust



Dette gjer at vegen ikkje har vorte prioritert i høve til kommunal drift- og vedlikehald.

Vil vil jobbe for å få til ein avtale med Oster pukk og sand as om drift og vedlikehald av vegen inklusiv ansvar for den løpende rassikringa. I denne avtalen må det og seiast noko om bruksløyve / vegrett for eigar av Gbnr 220/11 og om utbetring av og framtidig standard på vegdekket.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved avdelingsleiar  
veg  
Statens vegvesen ved Unn Jenny  
Utne Kvam

**Mottakarar:**

Statens vegvesen, Region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER